

---

**Fra:** Frank Sve <Frank.Sve@mrfylke.no>  
**Sendt:** onsdag 6. mars 2019 09:00  
**Til:** post@stranda.kommune.no; Jan Ove Tryggestad; Åse Elin Hole; Redaksjonen Smp; Redaksjonen TK; Post Bygdebladet; post@ksu.no; MR NRK  
**Kopi:** Ole Jorgen Sve; Torill Ansnes; martin-bostrom@live.com; Dag.Braseth@circlekeurope.com  
**Emne:** Interpellasjon : Utgreiing av flytebruer og Romsdalsaksen

Til ordfører i Stranda kommune.

- Interpellasjon til kommunestyret 20/3-2019.

Utgreiing av flytebruer og Romsdalsaksen.

I media kan vi lese at vår eigen ordfører Jan Ove Tryggestad, er ivrig i arbeidet for Møreaksen. Seinast i førige veke var Tryggestad i møte med Statsråden i lag med ein større delegasjon.

Tryggestad i si rolle som leiar av Sunnmøre regionråd er mildt sagt uklar. Han skal etter vårt og andre sitt syn forfekte Stranda kommune sine interesser, i dette samarbeidsorganet som er samansett av ordførarar frå Sunnmørskommunane.

Rådet vart i si tid etablert for å kunne utvikle eit samarbeid om saker mellom kommunane, og alle slike saker har heile tida sjølvstøtt vorte forankra i dei respektive kommunestyra.

Pr i dag kan eg ikkje huske sist det har vore ei sak i Stranda kommunestyre, ang saker som vert fronta i Sunnmøre regionråd. Såleis opptre dette rådet meir eller mindre som eit «sjølvopnevnt organ» heilt utan rolle og mandat.

Ordføraren forfekter såleis kun sitt personlege synspunkt, men brukar ei rolle som både skal og må vere forankra i kommunestyret.

Vår ordfører springer klart og tydeleg «ærend» for Romsdalsprosjektet Møreaksen. Han motarbeider samtidig aktivt det store fleirtalet av innbyggjarane både i vår kommune men også i resten av fylket, som krever ei utgreiing av Romsdalsaksen samt ei utgreiing av flytebruer framfor undersjøisk tunell ned på 400 m djupne.

Dette gjer han heilt utan mandat frå sitt eige kommunestyre.

Det er ei kjent sak at Stranda har mange større transportbedrifter, der også leiarane i dei ulike organisasjonane er frå Stranda. Vår kommune er også ei stor næringskommune som har stort behov for at dei rette vegtraseane vert valgt, ikkje minst kostnadmessig men også miljømessig.

Eg har nokre spørsmål til ordfører ang denne saka:

- Kva kommunestyrevedtak kan ordføraren vise til, der kommunestyret har gjeve ordfører mandat til å meine noko som helst ang Møreaksen og Romsdalsaksen?
- Dagens NTP står fast fram til ny rullering i 2020/21, der prosjektet for kryssing av Romsdalsfjorden tidligast kan kome igang mellom 2023-2030.

-Kven har gjeve ordføraren mandat til å forgripe kva Stranda kommune skal meine i denne rulleringa, der spørsmålet om utgreiing av flytebruer både på Møreaksen og Romsdalsaksen vil bli tema?

Eg meiner kommunestyret i Stranda skal få seg forelagt ei sak frå rådmannen, som går igjennom og klargjer ordførar sitt mandat og rolle til å kunne representere Stranda kommune i Sunnmør regionråd.

Eg har derfor fylgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber rådmannen førebu og leggje fram sak for FOR/Kommunestyret, der ordføraren sitt mandat og rolle som medlem i Sunnmøre regionråd vert klargjort og vedteke.
2. Kommunestyret ber rådmannen førebu og leggje fram sak ang kva standpunkt kommunen skal ha for valg av trase og prosjekt for kryssing av Romsdalsfjorden.
3. Kommunestyret ber om at både Møreaksen AS og Romsdalsaksen AS vert invitert til å presentere sine prosjekt for kommunestyret, og transportnæringa gjennom NLF vert også invitert til å leggje fram sitt syn.
4. Kommunestyret ber også om at det vert gjennomført ei lokal høyring i saka, der innbyggjara, næringsliv og transportnæring kan få seie si meining i saka.

Mvh  
Frank Sve  
Gruppeleiar  
Stranda FrP

Sendt fra min iPhone